



# RETNINGSLINER FOR TILDELING AV KULTURMIDLAR I FLORA

## 1. Tildeling

Flora kommune deler kvart år ut tilskot til kulturføremål. Flora Bystyre fastset storleiken på dei midlane som skal fordelast som tilskot. Kultur- og oppvekstutvalet avgjer kvart år fordelinga mellom dei ulike tilskotsformene, og delegerer kvart år til rådmannen å fordele ein del av tilskotet.

## 2. Føremål

Føremålet med tildelinga er å stø det kulturarbeidet som vert drive av friviljuge lag, organisasjonar og/eller einskildpersonar i kommunen, stimulere til eigenaktivitet og gje høve til å setje i verk og gjennomføre kulturelle tiltak.

Tildelinga er forankra i Lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd (Kulturlova). Lova har til føremål å fastlegge styresmaktene sitt ansvar for å fremje og legge til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk.

## 3. Vilkår for tilskot

**3.1.** Alle lag, organisasjonar og einskildtiltak innanfor kulturområdet, slik det er definert i det utvida kulturomgrepet i kulturmeldingane, kan få tilskot. Tilskot til tverrkulturelle tiltak er del av ordninga. Det er eit vilkår at organisasjonane skal vere opne for alle som ønskjer medlemskap.

Einskildpersonar kan og få tilskot til særleg omsøkte prosjekt. Politiske parti og organisasjonar, næringsorganisasjonar, yrkesfaglege organisasjonar, trus- og livssynssamfunn og organisasjonar med økonomiske føremål, fell i regelen utanfor tilskotsordningane.

Ved tildelinga av midlane vil godt gjennomarbeidde kultur- og idrettsprosjekt og prosjekt med fokus på barm- og unge bli prioriterte framfor driftstilskot. Nyskaping og gjerne samarbeid på vers av organisasjonar vil bli tillagt vekt, saman med dei generelle retningslinjene for tildeling av tilskot.

**3.2.** Tilskotsordninga skal kunngjerast offentleg med søknadsfrist 15. mars.

**3.3.** Det er utarbeidd eige elektronisk søknadsskjema for tilskotsordninga. Ved innlevering av søknad skal det liggje ved rekneskap/årsmelding for siste avslutta rekneskapsperiode, budsjett/arbeidsprogram

over søknadsåret og oversyn over samla tal medlemmer over og under 18 år.

**3.4.** Dersom kulturmidlane vert nytta til andre føremål enn omsøkt, kan Flora kommune krevje beløpet betalt tilbake. Søkjar vert oppmoda om å opplyse i skriv, annonser m.v. at Flora kommune støttar tiltaket. Det er sett vilkår om at arrangørar som mottok økonomisk støtte til arrangement aksepterer følgjekortordninga.

## 4. Kultur- og oppvekstutvalet si handsaming

Idrettsrådet tilrår til Kultur- og oppvekstutvalet storleiken på tilskot til lag som er tilslutta NIF.

Ungdommens bystyre tilrår til Kultur- og oppvekstutvalet storleiken på tilskot til lag der minst 40 % av medlemmane er i aldersgruppa 0-18 år. Vedtak kan klagast på etter Forvaltningslova kap. VI.

<http://www.lovdatab.no/all/tl-19670210-000-006.html>

Kultur- og oppvekstutvalet kan revidere desse retningslinene når utvalet finn det naudsynt.